

**Protokoll**  
**Styremøte nr. 3/2018**  
***Norges Friidrettsforbund***

Mandag, 12.mars 16.00 – 20.00

Radisson Hotell Gardermoen

**Innkalt:** Ketil Tømmernes (via internett), Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Geir Nordtømme, Anne Farseth (møteleiar), Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Mathias Vangsnes

**Forfall:** Svein Arne Hansen, Elisabeth Morthen, Henrik Carstens, Kalle Glomsaker (sak 11,12) Anne Farseth (sak 11)

**Referent:** Narve Heggheim

**Fra sentraladministrasjonen:** Kjetil Hildeskor, Narve Heggheim og Berit Nøbben

**Saksliste for styremøte 3-2018:**

Sak 11/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte

Sak 12/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem

Sak 13/2018 Regnskap og prognose pr feb 2018

Sak 14/2018 Etske retningslinjer NFIF

Sak 15/2018 Vedtak U23 EM i Bergen; Status, rammer og risiko

Sak 16/2018 Ledermøte i NFIF 28.04.2018 - program

Sak 17/2018 NM tildelinger 2019

Sak 18/2018 Oppnevning av jury og TD nasjonale mesterskap 2018

Sak 19/2018 NM og UM reglement for 2018

**Sak 11/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte**  
Innkalling og protokoll vart godkjendt.

**Sak 12/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem**  
Styremedlemmer og administrasjon orienterte om saker innafør sitt arbeidsområde.

**Sak 13/2018 Regnskap og prognose pr feb 2018**  
Rekneskap og prognose pr. 28.02.2018 vart presentert. Prognose viser positivt årsresultat på kr 412.691,- mot eit budsjettert årsresultat i balanse. I og med det er tidleg i rekneskapsåret er det relativt mange av dei større postane som ikkje er sikre.

**Vedtak: Orientering og prognose vart teken til etterretning.**

**Sak 14/2018 Etske retningslinjer NFIF**  
Forslag til etske retningslinjer vart presentert med endringar basert på innspel frå tidlegare styrebehandling. Styret føretok endring i utkastet der det i tillegg til generalsekretær skal oppnevast eit styremedlem som kontaktpunkt i varslingsaker. Etske retningslinjer skal leggst på godt synleg plass på nettsider og distribuerast ut til heile organisasjonen.

**Vedtak: Styret vedtok framlagt forslag til etske retningslinjer med endring på at eit styremedlem er kontaktpunkt i eventuelle varslingsaker i tillegg til generalsekretær. Som kontakt i styret vart valgt Anne Farseth.**

**Sak 15/2018 Vedtak U23 EM i Bergen; Status, rammer og risiko**  
Styret fekk presentert foreløpig status, planar og budsjett for meisterskapet. Det er halde positive møte med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om nivå på økonomisk støtte. I tillegg har ein god dialog med NRK om TV-produksjon. Det er ikkje fatta endeleg vedtak på desse områda men ein har fått så positive signal frå dei ulike aktørane at ein jobbar vidare med desse fram mot endeleg vedtak og beslutning. Det er to søkjarar til meisterskapen og EA kjem på befarung i juni.

**Vedtak: Styret i Norges Friidrettsforbund skal søkje om å få arrangere U23 EM i friidrett i Bergen i 2021. Styret skal gjennomgå og ta stilling til den økonomiske risikoen med arrangementet første halvår 2018.**

**Sak 16/2018 Ledermøte i NFIF 28.04.2017 - program**  
Styret drøfta aktuelle tema til ledermøtet i tillegg til dei lovfesta sakene for møtet. Det er komme innspel på at ein ynskjer ei drøfting på kretsstruktur i lys av den endringa som skjer i offentleg sektor i regionreforma.

**Vedtak: Basert på drøftingane i styret utarbeider administrasjonen utkast til program for ledermøtet for vidare handsaming av styret før utsending.**

### **Sak 17/2018 NM tildelinger 2019**

Det har vore gjennomført ei ekstra utlysning av nasjonale meisterskap 2019 på grunn av få søknader i første runde.

#### **Vedtak: Styret tildelte meisterskapa for 2019 slik:**

NM hopp u.t	Haugesund IL
NM innandørs	Haugesund IL
UM innandørs	Dimna IL
NM stafettar	Lillehammer IF
NM junior	Sigdal IL
NM halvmaraton	Sandnes IL
NM terrengløp korte løyper	Larvik T&IF
NM motbakkeløp	Valldal IL
NM Ultraløp 24t	Romerike Ultraløpsklubb
NM Ultra Trail	Kristiansand Løpeklubb

**Utlyste meisterskap det ikkje var søkjarar til får administrasjonen fullmakt til å skaffe arrangør til. Styret skal nedsetje ei arbeidsgruppe til haustmøtet som ser på meisterskapstruktur og eventuelle grep ein bør gjere for å få fleire søkjarar til nasjonale meisterskap**

### **Sak 18/2018 Oppnevning av jury og TD nasjonale mesterskap 2018**

Det førelåg innstilling frå dommar og arrangementsutvalget på jury og TD til nasjonale meisterskap 2018.

**Vedtak: Innstilling frå dommar og arrangementsutvalet vart vedteken.**

### **Sak 19/2018 NM og UM reglement for 2018**

Utkast til endringar av NM og UM reglement vart presentert og drøfta. Styret ba administrasjonen om å gjere nye vurderingar basert på diskusjonen i styret for ny handsaming og endeleg vedtak.

**Vedtak: Administrasjonen utarbeider nytt forslag til NM og UM reglement for ny handsaming i styret. Det blir halde telefonstyremøte når innstilling føreligg slik at ein får vedtak i god tid før berørte arrangement skal avviklast.**

Møtet slutt 19.55